



Eva Gausvik er med i eit spanande filmprosjekt.

Den utflytta uskedalsjenta Eva Gausvik deltek i arbeidet med den nye storfilmen Barnevandrerne som no er klar for produksjon, Ho er fødd og oppvaksen i Uskedalen, men flytta til Kristiansand då ho var 17.

Etter diverse skulegang reiste ho til London i 2003 for å studere film ved University of Surrey Roehampton og

avslutta der med ein Bachelor of Arts i fjor.

- Då eg kom heimatt, søkte eg på alt som kunne ha med film å gjera. Odd Hynnekleiv i Penelope Film tok kontakt, men opplyste at dei eigentleg ikkje hadde noko på gang før muligens på nyåret. I mellomtida fekk eg spørsmål om eg ville vera med og hjelpe til som lærarassistent på filmkurset på Noroff i Kristiansand. Det kunne eg sjølv sagt og var der til i november. Då opna Penelope Film kontoret sitt og eg fekk plass der, fortel Eva til uskedalen.no.

- Og kva er oppgåva di no?

- Strengt tatt hadde eg ingen offisiell tittel, men fungerte på mange område. Til dømes var eg sekretær og assistent, arbeidde med å bearbeida manus og tok kontakt med folk. Men etter kvart fekk eg litt av ansvaret for casting og har arbeidd mykje med det sidan mars/april. No har vi hatt tre rundar med auditions, som eg i stor grad har stått for å organisere. Eg held no på å avslutta denne oppgåva. Framover vil eg arbeide på kontoret og etterkvart som filminga skal ta til vil eg få rolla som tredje kamera assistent, seier Eva.

Barnevandrerne har faktiske hendingar frå Agder som bakgrunn og det blir lova spenning og dramatik for heile familien. Med unntak av scener med levande bjørnar og ulver, som blir "skote" i USA, skal alle opptak gjerast på Sørlandet. Dennis Storhøy, Sverre Anker Ousdal og Agnete Håland er dei mest kjende skodespelarane. Prosjektet har eit totalbudsjett på 35 millionar. Målgruppa er framfor alt born frå seks til 12 år.

Av Ola Matti Mathisen